

# Hellerissingsfeltet med i dokumentarfilm

Tekst og foto: Margreta Sandvin Eiken

Vegard Svoldal (38år) og Ivar Asbjørn Sekse (41år) er begge busette i Kinsarvik. Dei er kunnskapsrike, engasjerte og interesserte i mykje. Begge har Downs Syndrom, men er aktive og har klart å ta idrettsmerke-statuetten. Tidlegare har dei vore med på filmprosjekt, m.a. om krotakakebaking, og har funne at det var ein god måte å få fram eit budskap på. Å klara statuetten gav dei inspirasjon til eit nytt filmprosjekt der dei tar utgangspunkt i dei ulike krava til idrettsmerkeprøven gruppe 1, og vektlegg kravet om 20 x 30 min trim. Dette gjer dei gjennom filmen sin ved å ta oss med ut i natur og kulturlandskap i Hardanger. Dei har vore i Eidfjord og sett på gravhaugane på Hereid. På Lofthus har dei filma dansegalla der ein av dei



Klar for filming

var med å dansa, og etterpå var dei i bassenget. I Kinsarvik har dei filma dei mange fossane i Husedalen og snart står Odda med tursti og Noregs største stein på programmet. På desse utfluktene sine har dei eit stort fokus på lokal historie. Anne Lutro, som er med og legg til rette, fortalde at det meste av arbeidet gjer dei sjølve. Dei tek kontakt med fotograf og andre medhjelparar, og tingar med dei ulike kommunane om løyve til å filma. Dei lagar dreiebok og er med på redigering i etterkant. Til å filma har dei fått med seg Anders Flatlandsmo frå Voss, og Guttorm Rogdaberg skal vera forteljar. I tillegg er Arvid Aga med i deler av innslaga.



Vegard studerer menneskefigurane

Onsdag 13. august kom dei til Herand og ville vita meir om hellerissingsfeltet. Vegard og Ivar Asbjørn undra seg over bronsealder-menneska sin tungvinte måte å kommunisera skrifteleg på, og me er spent på kva dei får ut av det. Dei har innhenta fakta frå museet, og no ventar eit stort etterarbeid. Den ferdige dokumentaren kjem til å syna at med vilje, pågangsmot og litt oppmuntring og tilrettelegging kan ein få til utruleg mykje (både idrettsmerkestatuett og filmproduksjon!). Samstundes vert det ein flott dokumentasjon av kultur og historie i Hardanger som mange kan glede seg over.

Filmen vil verta synt på Empo – ein kanal for psykisk utviklingshemma. Underteikna ynskjer lukke til vidare, og takkar for at eg fekk vera med å leggja til rette ein liten bit av eit imponerende flott prosjekt.



Ivar Asbjørn og Vegard var nysgjerrige og stilte mange spørsmål.